

SPØRJEUNDERSØKING
SAMANDRAG

OMRÅDEPLAN
LONENA

OPUS BERGEN

10.08.2018



Innhald

1	Innleiing	2
2	Metode og data	2
3	Resultat	4
3.1	Fullføringsgrad og tid brukt på spørjeskjemaet	4
3.2	Om respondentane.....	4
3.3	Lonena i dag.....	6
3.4	Meiningar om eit mogleg framtidig bumiljø i Lonena.....	8
3.	Diskusjon.....	12
4	Konklusjon	14
	Kjelder.....	15
	Vedleggsliste.....	15

1 Innleiing

I samband med områderegulering i Lonena er det gjort ei spørjeundersøking for folk som har interesse i området. Undersøkinga er utarbeida på vegne av Rygir Tomteutvikling AS i samarbeid mellom Lindås kommune og plankonsulent Opus Bergen AS. Den er ein del av opplegget for medverking i planarbeidet. Rapporten er utarbeida for å få eit betre grunnlag for å skape eit attraktivt bustadområde som kan sameksistere med det som finns i Lonena i dag. Denne rapporten er eit samandrag av spørjeundersøkinga.

Planområdet består av g/bnr. 185/284 m. fl., i området Lonena. Området er i dag eit populært og mykje nytta turområde og friluftsområde som ligg sentrumsnært i Knarvik i Lindås kommune. Det ligg nært både skule- og idrettsområde og med gang- og sykkelavstand til Knarvik sentrum. Føremålet med planarbeidet er å regulera til bustader og grøntareal i samsvar med overordna plan.


2 Metode og data

Metoden for undersøkinga er kvantitativ ved at den omfattar ei større mengd respondentar som har fylt ut eit spørjeskjema.

Spørjeskjemaet er laga på surveymonkey.com, der ein kunne fylle ut skjemaet elektronisk. Survey Monkey er eit nettbasert verktøy for å lage spørjeundersøkingar. Verktøyet gjer det mogleg å analysere svara ved til dømes å samanlikne dei og å framstille dei i ulike diagram. Det vart reklamert for spørjeskjemaet via Facebook, heimesida til kommunen og annonse i Avisa Nordhordland. Spørjeundersøkinga var open i 1 månad, frå 14.02.2018 til 15.03.2018. I ettertid er svarresultata analysert, samanfatta og drøfta i samarbeid mellom Lindås kommune og Opus Bergen AS.

Å reklamere for undersøkinga via Facebook med ein link til spørjeundersøkinga, er lurt for å få med mange respondentar, då Facebook er blitt eit populært sosialt medium. På den andre sida risikerer ein å få inn mange svar frå dei som er svært aktiv på Facebook, aldersgruppa 15-29 år, og færre svar frå dei yngre og eldre (Krohn). Aldersgrensa for å ha Facebook-konto er 13 år, slik at dei under 13 år i stor grad fell vekk. Ved kunn elektronisk spørjeskjema, kan også mange eldre

sine svar felle bort, då dei eldre er mindre aktiv på internett.



Figur 1 Andel dagleg aktive Facebook-brukarar fordelt på menn og kvinner (Krohn)

Fyrste sida av spørjeskjemaet inneholder informasjon om planarbeidet og føremålet med spørjeundersøkinga. Viser til vedlagt spørjeskjema for meir informasjon. Respondentane vart oppmoda om å svare enten dei ønskjer å bu i Lonena sjølv, blir nabo til området, eller skal halde fram med å bruke Brekkeløypa og det øvrige turområdet. Dei vart informert om at dei ikkje trong svare på alle spørsmåla. Dermed la ein opp til at ulike spørsmål kunne gje ulik tal på svar. At respondentar berre svarar på deler av spørjeskjemaet er uansett alltid ei fare ved slike undersøkingar. Skjemaet inneholder 35 «lukka spørsmål» og 5 «opne spørsmål». Lukka spørsmål vil seie at spørsmålet er formulert med svaralternativ. Fordelen med lukka spørsmål, er at det er lett å samanlikne svara og lage statistikkar. På den andre sida er det vanskeleg å vete om respondenten forstår spørsmålet, eller å vete kvifor respondenten svarer som han/ho gjer. For å få med flest mogleg svar, er fleire av dei lukka spørsmåla supplert med eit alternativ som heiter «anna». Mistydingar kan verte avslørt for dei som har svart «anna». Her kan også anna nyttig informasjon kome fram. Ved opne spørsmål må respondenten sjølv skrive svaret. Dersom desse spørsmåla blir mistyda, er det ofte enklare å oppdage dette i dei skriftlege svara. Ulempa med opne spørsmål, er at dei er vanskelegare å samanlikne. Men i SurveyMonkey-tjenesta, er det mogleg å få fram tekstanalysar som framhevar dei orda som er nemnd flest gonger, slik at ein enkelt kan sjå kva flest respondentar har svara. Det kan vere fleire som hoppar over desse spørsmåla, fordi dei ikkje vil ta seg tid til å tenkje ut kva dei synest, og formulere svaret sjølve.

3 Resultat

I dette kapittelet blir resultata av spørjeundersøkinga presentert. Kapittelet er inndelt i avsnitt om respondentane, om korleis respondentane nyttar Lonena i dag og om kva meininger dei har om eit framtidig bumiljø i Lonena. Kapittelet legg vekt på hovudessensen av funna i undersøkinga. Ver merksam på at det er ulik mengd respondentar som har svara på dei ulike spørsmåla. Viser til vedlagt rapport for heile datafangsten og for tal på svar for dei ulike spørsmåla.

3.1 Fullføringsgrad og tid brukt på spørjeskjemaet


Spørjeskjemaet innehold 41 spørsmål, noko som viser seg å vere mange spørsmål for å halde på merksemda til fleire av respondentane. Fullføringsgraden, det vil seie del som har svara på alle spørsmåla, er på 71%. Fram til og med spørsmål 15, er det gjennomsnittleg henta inn 307 svar. Vidare nedover skjemaet, svara i gjennomsnitt 260 respondentar på spørsmål 16-20, medan det i gjennomsnitt er henta inn 241 svar på spørsmål 21-40. Langt færre har svara på dei opne spørsmåla, der respondentane må formulere svara sjølv. Brukartida er svært varierande. 57 respondentar brukte 0-5 minutt. 18 respondentar brukte over 40 minutt, der fire respondentar brukte over ei veke på å svare. Gjennomsnittleg har respondentane brukt 13 minutt på spørjeskjemaet.

3.2 Om respondentane

Over halvparten av respondentane er i aldersgruppa 35- 49 år. 82% vart kjend med undersøkinga gjennom Facebook for fyrste gong.


Alder

Besvart: 331 Hoppet over: 2




Figur 2 Histogram for spørsmål 2. Utklipp frå spørjeundersøkinga

91% av respondentane har adresse i Lindås kommune. Dei resterande er fordelt på Meland kommune med 5%, Radøy kommune med 1,5%, Bergen kommune med 0,5% og Molde kommune med 0,3%. Samanliknar ein aldersfordelinga til respondentane i spørjeundersøkinga med aldersfordelinga i Lindås kommune, ser ein at det ikkje er eit representativt utval av befolkninga som har svara. Basert på aldersfordelinga vist i figuren under, reknar me grovt ut at aldersgruppa 35-49 år utgjer 21% i Lindås kommune, medan same aldersgruppa utgjer 55% av respondentane.



Figur 3 Alderssamansetting i Lindås kommune. (Lindås kommune, 2017)

Dei fleste respondentane har postadresse nær Lonena. 55% av alle respondentane har adresse i Knarvik/Isdalstø og 20% har adresse i Alversund. Vidare har 7% adresse i Hjelmås, 5% i Frekhaug (Meland kommune), 2% i Eikangervåg og Ostereidet, 1% i heinhaldsvis Myking, Sæbøvågen (Radøy kommune) og Lindås. Sletta (Radøy kommune), Rosseland (Meland kommune), Hordvik (Bergen kommune), Molde (Molde kommune), Hundvin, Søreidgrend (Bergen kommune) og Bergen (Bergen kommune) har alle under 1% respondentar. Sidan dei fleste har adresse i Knarvik/Isdalstø, og det er flest bustadar i/nær sentrum her, er det rimeleg å tru at halvparten av respondentane bur i gang-/sykkelavstand til planområdet.



Figur 4 Oversikt over respondentane fordelt på postadresse

På fyrste side av spørjeskjemaet blir respondentane informert om at Lonena skal regulerast til bustadføremål og grønstruktur, der ein har som føremål å vidareføre eksisterande viktige kvalitetar som til dømes Brekkeløypa. Om respondentane er utelukkande positive eller negative til utbygginga er ikkje tema for undersøkinga. Spørsmåla er derfor vinkla på ein måte som gjer det mogleg å komme med innspel for korleis utviklinga bør utformast. Dei fleste uttrykker at det er viktig å ta vare på Brekkeløypa og naturen rundt. I kva grad dei meiner ein skal ta omsyn til desse kvalitetane er vanskelegare å fange opp, på grunn av måten spørsmåla er vinkla.

3.3 Lonena i dag

Det kjem fram av undersøkinga av respondentane er svært nøgd med Brekkeløypa og området rundt slik det er i dag. 66% av dei som har svara nyttar Brekkeløypa dagleg/kvar. 95% opplever Brekkeløypa som trygg, 70% synest området har tilstrekkeleg belysning heile året og 90% meiner at løypa er utforma med god nok standard etter deira bruk.

Brekkeløypa er ei av få turløyper av denne typen i området, kjem det fram av svara. Dei nemner natur og stillheit som viktige kvalitetar for løypa. I tillegg er Brekkeløypa passe lang, tilrettelagt med grus og ligg nær der folk bur, slik at den kan nyttast av alle og mange kan nå den til fots. Brekkeløypa blir nytta både til rekreasjon, jogging og som ein sosial arena. 86% svarar at dei nyttar Brekkeløypa til å gå vidare på turstiane utanfor.

Viser 28 ord og uttrykk


Beliggenhet Nydelig Område Jogge Små Barn Ligger Løpetrening Trim
Tilkomst Trening Nærleik Flott Passe Lang Tilgjengelig
Stegane Tur Godt Tilrettelagt Natur Brekkeløypa Fint Rolig
Nærhet Heile Året Jogging Kort Avstand Turområde Kort Vei fra Hjemmet Bor
Mosjon

Figur 5 Tekstanalyse for spørsmål 6 "Kva er hovudårsaka til at du nyttar akkurat denne turstien?". Utklipp frå spørjeundersøkinga

Naturområdet i Lonena er viktig for folkehelsa ved at det har turmogleheter, gjer god psykisk helse og har fysisk trygge omgjevnadar. Det er også viktig for barn/unge over seks år ved at det gjer fri leik på terreng/ulendt, er eit godt tur- og treningsområde og ligg nært barnehage, skule og der folk bur.

Q14 Kva er dei tre viktigaste folkehelsetema knytt til bruken av området i dag?


Besvart: 292 Hoppet over: 41



Figur 6 Histogram til spørsmål 14. Utklipp frå spørjeundersøkinga

Q13 Kva meiner du er dei tre viktigaste kvalitetane for barn og unge over 6 år i området i dag?

Besvart: 293 Hoppet over: 40



Figur 7 Histogram til spørsmål 13. Utklipp frå spørjeundersøkinga


3.4 Meininger om eit mogleg framtidig buminiljø i Lonena

Dei siste 25 spørsmåla omhandlar ønskelege kvalitetar for eit framtidig bustadområde i Lonena. Mange hoppar over desse spørsmåla, frå og med spørsmål 16 er det i gjennomsnitt henta inn 260 svar og frå spørsmål 21 er det gjennomsnittleg henta inn 240 svar.

Det kjem fram eit tydeleg ønske om å ta vare på Brekkeløypa og naturen rundt ved eit mogleg framtidig bustadområde i Lonena. 89% ville nytta Brekkeløypa dagleg/kvar veke dersom dei budde i området kring Lonena, noko som er meir enn talet på respondentar som nyttar Brekkeløypa dagleg/kvar veke i dag. 84% ville nytta turstiane utanfor Brekkeløypa dagleg/kvar veke dersom dei budde i området. Dei fleste respondentane meiner at kort veg til naturområder, utsyn mot større naturområder og element frå opprinneleg terrenget er viktige grøne element i eit bustadområde.

Q22 Kva er viktige grøne element for deg i eit bustadområde? (1 ikkje viktig - 6 særskilt viktig)?

Besvart: 240 Hoppet over: 93



Figur 8 Histogram med svar på spørsmål 22. Utklipp frå spørjeundersøking

Brekkeløypa med naturområdet rundt gjer høve til tur, god psykisk helse og grøne kvalitetar i kvardagen – som er dei tre viktigaste folkehelsetema for respondentane som har svara. Dei tre viktigaste kvalitetane for barn/unge over seks år i eit bustadområde som Lonena er fri leik på terrenget/ulendt, der det er vaksne til stades, langt frå bilveg. I Brekkeløypa ønsker dei tilrettelegging og aktivitetar for både eldre, vaksne, unge og barn. På same stad skal den eldre kunne sitte og kvile, den unge trenere og barna leike. Dei konkrete forslaga som er ønska blant flest er; treningsapparat/tufteparks, klatre/balanseapparat for barn, trygg akebakke, utplasserte troll, bålplass med gapahuk og benker.

Viser 28 ord og uttrykk

Vinteren Rekreasjons Fint Kano Ulike Grillplass Bålplass Cross Bane
 Tufteparks Stier Apparater Dag Barn Området
 Treningsapparat Plass Benker Park Rundt Feks
 Gapahuk Grillhytte Litt Rasteplasser Akebakke Skiløyper Lekeplass Bra


Figur 9 Tekstanalyse for spørsmål 8. Utklipp frå spørjeundersøkinga

Dersom dei skulle flytta i dag, ville dei budd nært både friluftsområde og sentrum i ein relativt stor bustad.

44% ønsker å bu i einebustad dersom dei skulle busett seg i Lonena, medan 24% ønsker å bu i stor leilegheit. Færre svarar at dei ønsker å busette seg i små bueiningar som rekkehus, townhouse, tomannsbustad eller liten leilegheit. Dei fleste, 37%, ønsker ein bustad på 100-150m², medan 30% av respondentane ønsker ein storleik på 150-200m².

Q24 Kva type bustad er attraktiv for deg dersom du skulle busett deg i Lonena?

Besvart: 235 Hoppet over: 98




Figur 10 Histogram med svar på spørsmål 24 «Kva type bustad er attraktiv for deg dersom du skulle busett deg i Lonena??» Utklipp frå spørjeundersøking

Nær halvparten svarar at alderssamansettinga i bustadområdet har noko å seie dersom dei skulle bu i Lonena. Om lag like mange ønsker å kunne flytte internt innanfor same bustadområde etter kvart som dei vert eldre.

Folk har svara at dei tre klart viktigaste tilboda å ha nært bustaden sin er, 1: Park/større friluftsområde 2: Daglegvarebutikk 3: Skule, og 800 meter er den lengste strekninga dei ville ha gått til dei daglege gjeremåla sine. 60% ville ikkje hatt færre bilar viss dei budde i Lonena. Omtrent like mange meiner ein middels store leilegheit i Lonena bør ha 2 parkeringsplassar for bil. 80% meiner at ei middels stor leilegheit i Lonena-området bør ha 2 parkeringsplassar for sykkel eller fleire. 37% ville ha nytta sykkelen dagleg/fleire gongar dagleg til dei daglege gjeremåla sine dersom dei budde i Lonena. Omtrent dobbelt så mange svarar at dei dagleg/fleire gongar dagleg ville ha gått til dei daglege gjeremåla sine.

Q33 Kor ofte ville du gått til dine daglege gjeremål dersom du budde i Lonena?

Besvart: 228 Hoppet over: 105



Figur 11 Histogram med svar på spørsmål 33. Utklipp frå spørjeundersøking

3. Diskusjon

Brukartid og fullføringsgrad

Gjennomsnittleg tid nytta på å svare på skjemaet er 13 minutt. Brukartida fortel at spørjeundersøkinga var for lang for mange av respondentane, slik at dei ikkje fullførte heile spørjeundersøkinga. Dersom dei hadde fått informasjon om kor mange spørsmål skjemaet inneholdt og estimert brukartid, kan det hende færre hadde deltatt på undersøkinga, men at fleire hadde fullført heile spørjeskjemaet. 71% har fullført heile undersøkinga. Årsaka til at mange respondentar hoppa av etter spørsmål 15 og enda fleire etter spørsmål 20, kan vere at dei gjekk lei og ikkje ville bruke meir tid på undersøkinga. Det kan også vere at folk har valt å kun svare på dei spørsmåla som er mest aktuelle for dei, for å få tydeleg fram standpunktet deira. Spørsmål 16-41 handlar om utbygging i Lonena og korleis den bør vere. Det kan derfor tenkast at dei fleste har svara på dei 15 første spørsmåla fordi dei er motstandarar av, eller ikkje har noko forhold til utbygging i Lonena. Grunnen til at mange hoppar over dei opne spørsmåla, er truleg fordi desse spørsmåla krev at ein må tenkje over kva ein sjølv synest og formulere svaret sjølv. Det tar meir energi og tid enn å krysse av på svaralternativa for dei lukka spørsmåla.

Sjølv om respondentane har brukt svært ulik tid på å svare på skjemaet og sjølv om ikkje alle har svara på alle spørsmåla, er svara nyttige i undersøkinga.

Respondentane

Aldersfordelinga til respondentane er som nemnd ikkje representativ med aldersfordelinga til befolkninga i Lindås kommune. Årsaka til denne aldersfordelinga, kan ein ikkje finne med sikkerheit basert på svara i denne kvantitative undersøkinga. Utfallet er truleg ein konsekvens av at folk i alderen 35-49 år er mykje aktiv på Facebook, i tillegg til at dei har budd fleire år i Lindås kommune, og har planar om å bli buande mange fleire år. Dersom ein har budd same stad ei stund og har planar om å bli buande i lang tid, kan ein få ein god tilknyting til området. Tilknytinga kan gjere denne aldersgruppa meir engasjert i utviklinga i lokalsamfunnet enn andre aldersgrupper. Aldersgruppa 15-29 år er dei mest aktive på Facebook i følgje landsgjennomsnittet, likevel utgjer aldersgruppa 0-19 år berre 1,51% av respondentane medan aldersgruppa 20-34 år utgjer 18%. Mange i alderen 19-34 år har truleg flytta vekk frå Lindås kommune utan konkrete planar om å flytte heim att dei i løpet av dei fyrti åra. Då er det naturleg å ikkje vere like engasjert i kva som skjer i området.

Kvalitetar i området i dag og ønska kvalitetar i eit framtidig bustadområde

Undersøkinga viser at Brekkeløypa og det omkringliggende naturområdet er svært viktig for folk. Over halvparten av respondentane brukar Brekkeløypa kvar veke og 11% brukar ho dagleg. Mange framhevar standard (belysning, tryggleik), folkehelse, grøne element, kvalitetar for barn/unge over seks år, møtestad og tilgjenge som gode kvalitetar i Lonena-området.

Sjølv om færre respondentar svarar på den delen av spørjeundersøkinga som omhandlar kva kvalitetar som er ønskeleg i eit framtidig bustadområde i Lonena, er det i gjennomsnitt henta inn 244 svar per spørsmål (spørsmål 16-40), noko som er nyttig for undersøkinga.

Det er eit tydeleg ønske at ein må bevare Brekkeløypa og naturområdet rundt ved utviklinga av området. Kort veg til naturområde er for dei fleste viktigare enn plen/grasflater/tilrettelagt hage eller fellesområde med leikeplass. Ønsket om bevaring av Brekkeløypa og naturområdet rundt, samsvarer med dei folkehelsetema respondentane meiner er viktigast; høve til tur, psykisk helse og grøne kvalitetar i kvardagen. Desse tema heng saman. Dei heng også saman med det respondentane meiner er gode tilbod for barn/unge over 6 år i området i dag og i eit framtidig bustadområde i Lonena, der fri leik på terreng/ulendt er rangert som viktigaste tema. Då 55% av respondentane har adresse i Knarvik/Lsdalstø, har over halvparten allereie god tilgang til Brekkeløypa og naturområdet rundt. Dei frykter naturlegvis at det gode rekreasjonstilbodet dei har i dag blir øydelagd dersom det blir bygd fleire bustadar i området. Desse respondentane har truleg prioritert å svare på dei 15 første spørsmåla, som handlar om kvalitetar i Lonena i dag, for å tydeleg få fram standpunkt sine. Sjølv om bevaring av Brekkeløypa og naturområdet rundt er viktig for respondentane, har dei fleire forslag til korleis løypa kan vidareutviklast med meir tilretteleggjring. Dei ønsker å styrke området som ein sosial arena for folk i alle aldersgrupper, med temapunkt som trening/tuftepark, bålpllass, benkar og aktivitetar for barn.

Dei fleste respondentane ønsker å bu i einebustad i eit framtidig bustadområde i Lonena, medan stor leilegheit har fått nest flest stemmer. Det har vore og er vanleg å bu i einebustad i Knarvik og resten av Lindås kommune. Derfor er det naturleg at flest ønsker å halde fram med å bu i einebustad. Hadde fleire av respondentane vore yngre eller moglege tilflyttarar frå Bergen, kunne utfallet av svara blitt annleis. Leilegheiter kombinert med større bueiningar kan legge til rette for variasjon i alderssamansetting, noko som viser seg å vere ønskeleg blant respondentane. Om lag halvparten meiner at alderssamansettinga har noko å seie i bustadområdet, og dei ønsker å flytte internt i det same bustadområdet etter kvart som dei vert eldre.

Dersom dei skulle flytte, ønsker dei fleste av respondentane som har svara å bu sentralt. Samstundes ønsker dei som nemnd å ha større samanhengande naturområde tilgjengeleg og å bu i eit område med både einebustadar og større leilegheiter. Lonena ligg i eit større naturområde sentralt i Knarvik. Utbygging av bustadar med varierande storleik i dette området, svarar dermed på respondentane sine ønske for eit bustadområde dersom dei skulle flytte. Vel å merke meiner dei likevel at utbygginga ikkje må øydelegge kvalitetane som er i området i dag.

Transport i eit framtidig bustadområde i Lonena

Dei fleste respondentane meiner at ei middels stor leilegheit i Lonena bør ha to parkeringsplassar for bil og to eller fleire parkeringsplassar for sykkel. Samstundes ønsker dei fleste å bu i einebustad, som er større enn ei middels stor leilegheit. Spørjeundersøkinga stiller ikkje spørsmål om kor mange parkeringsplassar for bil og sykkel dei meiner ein einebustad bør ha i Lonena. Om dei ønsker meir enn to parkeringsplassar for bil dersom dei skulle ha flytta til i Lonena, er derfor uklart. Dei fleste ville gått til dei daglege gjeremåla sine dagleg, medan færre

ville ha sykla. Det har vore og er vanleg å nytte bilen som transportmiddel i Knarvik og resten av Lindås kommune, grunna store avstandar mellom bustad, jobb, barnehage og så vidare. I framtida vil Knarvik bli ein meir urban by, der ein kan nå dei daglege gjeremåla til fots. Fram i tid, kan det derfor hende at respondentane hadde ønska færre parkeringsplassar for bil og ville ha sykla og gått meir i kvardagen.

Årsaka til at mange ville gått til dei daglege gjeremåla sine dersom dei budde i Lonena, kan ha samanheng med at Lonena allereie ligg nært tilbod som respondentane meiner er viktige å ha nært der dei bur. 800 meter er den lengda dei maksimalt er villig til å gå til dei daglege gjeremåla sine. Innanfor ein radius på 800 meter frå planområdet i sør, ligg tilboda dei rangerer som viktigast å ha nært der dei bur som park/friluftsområde, daglegvarebutikk og skule. Dei nordlegaste delane av planområdet, omtrent halvparten av dei planlagde bustadane, ligg meir enn 800 meter unna daglegvarebutikk. Utifrå ei samanfatting av svara, tolkar me park/større friluftsområde som naturområde med naturleg terreng, slik Lonena-området er i dag.

4 Konklusjon

Respondentane fungerer ikkje som eit representativt utval for undersøkingsområdet. Basert på denne undersøkinga kan ein derfor ikkje konkludere med kva folk flest i undersøkingsområdet meiner. Undersøkinga har fanga opp svært få ønsker frå potensielle innflyttarar frå til dømes Bergen. Den har heller ikkje fanga opp mange ungdommar som potensielt kan flytte heim etter fullført skulegang. Dei innhenta svara gjer likevel innblikk i idear, tankar og kunnskap publikum har knytt til Lonena som tur- og rekreasjonsområde og framtidig buområde. Denne informasjonen er eit godt supplement i planarbeidet.

Innspel til korleis Brekkeløypa kan vidareutviklast er nyttig informasjon. Mange av dei som har svara på undersøkinga meiner det ikkje må gjerast inngrep i Brekkeløypa og at det naturlege terrenget rundt bør bevarast. Samstundes ønsker dei at Brekkeløypa skal vidareutviklast som eit område for både trening, rekreasjon og møtestad for folk i alle aldra. Meir tilrettelegging med mellom anna tuftepark, leikeapparat for barn, bålpllass og benkar er høgt ønska.

Respondentane gjer også gode innspel til korleis dei ser for seg å bu i eit område som Lonena. Dei fleste ønsker å bu i einebustad eller stor leilegheit, samstundes som dei ønsker å flytte internt i same område etter kvart som dei blir eldre. Dei ser for seg å ha god parkeringsdekning for bil og for sykkel. Dei fleste ville gått til dei daglege gjeremåla sine dersom dei budde i Lonena, medan færre ville sykla. Dei ønsker å ha utsyn mot større naturområde og å ha kort veg til naturområder, samstundes som dei ønsker dei å bu nært daglegvarehandel, barnehage og skule.

Kjelder

Lindås kommune, 2017. *Kommuneplan 2017-2029, Samfunnsdelen s. 7*

Høegh-Krohn, L. Henta 08.05.2018, frå <http://omg.no/blogg/facebook-brukere-norge-fordelt-pa-alder-og-kjonn>

Vedleggsliste

Vedlegg: Rapport for spørjeundersøkinga – områdeplan for Lonena

**ADRESSE:**

Strandgaten 59
5004 Bergen

EPOST:

post@opus.no

TELEFON:

55 21 41 50

WEB:

www.opus.no